

Mars 2024

Samhandlingsnytt



Kontakt

Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

www.samhandling-sfj.no

Kontaktperson

Samhandlingsjef Helse Førde
[Dagrun Kyrkjebø](#)

Helsefelleskapet

Møtedato fagleg samarbeidsutval

16.05.24 (Florø)

Møtedato strategisk samarbeidsutval

30.05.24 (Sogn)

Møtedato partnerskapsmøtet

23.05.24 (Førde)

Felles brukarutval

10.04.24 (Førde)

29.05.24

Kjære lesar

Her kjem ei oppdatering på noko av det som går føre seg på samhandlingsfeltet i området vårt - med ønske om god påske!

Fagdag barn som pårørende

25. januar vart det arrangert fagdag barn som pårørende for barneansvarleg personell i Helse Førde og for tilsette i Sunnfjord kommune som arbeider med denne tematikken. Fagdagen vekte interesse hos mange og hadde rundt 80 deltakarar.



Psykologspesialist Mette Ekelund Garmannslund frå Ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS Vest) var hovudinnleiar og hadde føredrag om barn som pårørende – dei viktige samtalanane.

Les meir om arbeid med barn som pårørende gjennom mellom anna Barns Beste [her](#).

Siste nytt frå

Samhandlingslegane

Samhandlingslegane i Helse Førde har mange ballar i lufta når det gjeld samhandling – hovudsakleg mellom allmennlegetenesta og sjukehusa. Nettsida til samhandlingslegane er oppdatert og her finn ein oversikt over aktuelle og viktige saker som blir formidla ut til allmennlegekorpset. Kopi går også til mange sentrale samarbeidspartar i Helse Førde.

Hovudsida gir informasjon om samhandlingslegeordninga, samhandlingslegane i Helse Førde, og gir tilgang til alle aktuelle lenker inkludert dei som kjem under her.

[Samhandlingslegeordninga \(tidlegare PKO\) - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

[Aktuelle saker – dei nyaste øverst](#)

[Samhandlingskalender med aktuelle samhandlingskurs for allmennlegar](#)

Sogn og Fjordane helsefelleskap

Helsefelleskapet har hatt årets første møter i fagleg og strategisk samarbeidsutval. For perioden 2024 – 2025 er det kommunal leiing av desse to samarbeidsorgana og det er høvesvis Barbro Longva frå Stad kommune som leiar fagleg samarbeidsutval og Martin Lundgård frå Askvoll kommune som leiar strategisk samarbeidsutval. Referat frå møta kan lesast her: [Samhandling \(samhandling-sfj.no\)](#)

Partnerskapsmøtet er under planlegging og hovudtema for møtet blir den nye [Nasjonale helse- og samhandlingsplan](#) som regjeringa presenterte 1. mars i år.

Erfaringskonferanse psykisk helse og rusarbeid 2024

Helsefelleskapet arrangerer 12. og 13. juni 2024 erfaringskonferanse innan psykisk helse og rusarbeid og konferansen har to utvalte tema på programmet: barn som

Ny interkommunal samhandlingskoordinator



Kjell-Wernik Nystøyl er tilsett i stillinga som interkommunal samhandlingskoordinator etter Elin Sørbotten. Nystøyl kjem frå Pasient- og brukarombodet der han i dag jobbar som seniorrådgjevar. Han er utdanna sjukepleiar og samfunnsvitar, og har tidlegare mellom anna jobba i AMK-sentralen i Helse Førde. Han har også erfaring som beredskapsrådgjevar.

Nystøyl meiner at samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta er viktig for å sikre innbyggjarane trygge og samordna tenester. Overgangar kan vere utfordrande, også i helsevesenet. Kvalifisert helsepersonell vert ein stadig knappare ressurs, og han trur ein kjem til å sjå nye måtar å samarbeide på i framtida - også mellom kommunane. "Aller først må eg få oversikt over fagfeltet til samhandlingskoordinatoren og bli kjent med både struktur og folk", seier Nystøyl som spent ser fram til å ta til i stillinga den 2.april.

pårørende og ADHD. Påmelding er opna og vi håpar at mange vil delta på konferansen på Thon Partner Hotel Jølster på Skei:

[Erfaringskonferanse 2024 - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](https://helse-forde.no)


Samhandlingsbarometeret

I januar i år starta ny leiar for Samhandlingsbarometeret, Jagrati Jani-Bølstad i jobben. Jagrati er epidemiolog og kjem frå ei rådgjevarstilling i Tromsø kommune. [Samhandlingsbarometeret](#) har den seinare tid hatt fokus på dei fire prioriterte gruppene i helsefelleskapa og har nyleg presentert data om Vaksne med alvorlege psykiske lidingar. Etter at det var kjent i Nasjonal Helse- og Samhandlingsplan at regjeringa etterkvart vil løfte fram kvinnehelse som ein femte gruppe førebur vi oss no på å også presentere data for denne gruppa.

Utviklingsarbeid i Helse Førde

I årets styringsdokument til helseføretaket har Helse Førde, på vegne av føretaka i Helse Vest, fått i oppdrag å gjennomføre eit prosjekt for å prøve ut nye løysingar for samhandling med kommunane innanfor barne- og ungdomspsykiatri. Dette er også i tråd med føringane frå Nasjonal helse- og samhandlingsplan som viser til at ein skal styrke tilbodet til barn og unge med psykiske plager og lidingar gjennom tidleg innsats og heilskapleg oppfølging. Helsedirektoratet skal utgreie og konkretisere korleis eit integrert tilbod for barn og unge kan innrettast, piloterast og evaluerast og ein skal gjennomføre utprøving av ei integrert ungdomsteneste på eitt nivå til barn og unge med behov for psykisk helsehjelp og/eller rusmiddelproblematikk.

Det er enda ikkje klart korleis arbeidet skal organiserast i Helse Førde, meir informasjon om dette kjem etter kvart.



GOD PÅSKE!